

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til: Medlemene av utvala  
Utval: Samarbeidsutvalet i Bergen  
Dato: 22.02.21  
Sakshandsamar: Prosjektlear for felles utviklingsplan  
Saka gjeld: Oppfølging etter Toppleiarmøte 2021; Prosess, innspel og framdriftsplan.  
«FELLES UTVIKLINGSPLAN FOR SAMARBEID OG SAMHANDLING.»

Saksnummer: 05/21

---

## Bakgrunn:

Som kjent hadde Toppleiarmøtet 2021 i slutten av januar opp «Drøftingsnotat - Overordna struktur og organisering» til gjennomgang og drøfting.

Tilbakemeldingane under møtet var svært få. I ettertid har det kome litt tilbakemeldingar på at det som var lagt fram er i rett retning. Særleg gjeld dette endringar i Toppleiarmøtet og at det framleis vert fire Samarbeidsutval/råd. Det har også kome tilbakemelding på at det bør etablerast eit «Strategisk samarbeidsutval» for heile føretaksområdet i tillegg til dei fire utvala.

Oppsummering av Toppleiarmøtet si handsaming av notatet har også vore gjennomført av styringsgruppa til prosjektet. Styringsgruppa vel å tolke Toppleiarmøtet i hovudsak etter ordtaket «den som teier samtykker».

## Vegen vidare:

Drøftingsnotatet vert no lagt fram for SU/SR'ane til drøfting / tilbakemelding. Vidare vert alle dei tre arbeidsgruppene innkalla til møte for å arbeide vidare med framlegget og tilbakemeldingar samt gjere sjølvstendige vurderingar. Prosjektlear vil ta med seg dette tilbake og setje det inn i framlegget til samla struktur og tiltaksplan. Den samla rapporten skal handsamast i styringsgruppa som gjennomgår den og gjer sine konklusjonar og endringar.

Det vert såleis styringsgruppa som sender ut den endelege planen til høyring og handsaming.

## Aktuelt no:

Styringsgruppa var samde om at drøftingsnotatet slik det var skulle gå til drøfting i SU/SR'ane. I tillegg vart prosjektlear beden om å særleg peike på to tilhøve:

- Kva er ønskt organisering for det faglege samarbeidet.

Det var framlegg om fem faglege samarbeidsutval, eit for kvar av dei fire prioriterte områda i helsefelleskapet og UFAB. Det vart drøfta om dei fire utvala i tillegg til dei prioriterte områda også skulle ha ansvar for meir generelle områder i samhandlinga.

- Avklaring av kva saker som er tenkt handsama og i kva organ ( saksflyt ).

Det vil vere nødvendig, før ein kan konkludere, at det vert gjort ei analyse og gjennomgang av saker som er aktuelle og korleis dei skal fordelast og handsamast. Det er for tidleg å kome med ei endeleg tilbakemelding til møte no. Spørsmålet bør først handsamast i arbeidsgruppene. Dersom nokon i SU/SR'ane har tankar om dette vil dei bli motteke med takk.

Det er såleis eit ønskje om at SU/SR'ane gir ei tilbakemelding på korleis dei ser på og ønskjer organiseringa av og strukturen på det formaliserte samarbeidet.